

# Arbeidsprogram

## Kontaktutvalget for E39

### Kommunikasjon og påvirkning

Oppretta etter vedtak i fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune 20. august 2014

Har som mandat å sørge for at Hordaland og kommunane i KVVU-området for Bergen-Aksdal strekninga får gjennomslag for sitt syn på framdrifta og avgjerdene knytt til plan-, prosjektering- og byggeprosessen av parsellane på E39 mellom Bergen og Aksdal.

På konstituerande møte vart det bestemt å sette ned eit arbeidsutval. Arbeidsutvalet (AU) leiast av fylkesordføraren. Øvrige medlem i AU er ordførarane i Os, Stord og Fitjar. Samt byråden for byutvikling og miljø i Bergen, NHO og LO.

Kontaktutvalet skal ha møte etter behov, men minimum to gonger per år. Alt arbeid mellom kontaktutvalsmøta ivaretakast av AU.

Kontaktutvalet skisserte nokre aksjonspunkt allereie i det første møtet. Eitt av disse er å lage ein plan for kommunikasjon og påverknad.

Denne planen inneheld strategiske milepelar og avgjerder, omtale av stakeholdarar og ei skisse til kommunikasjonsplan.

### Milepelar og strategiske avgjerder

Prosessen er initiert av samferdselsdepartementet gjennom KVVU-utgreiinga for E39 Aksdal-Bergen og gjennom Ferjefri E39-prosjektet i Statens Vegvesen. Samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen ga i desember 2013 klarsignal til å starte planprosessen for strekninga ved å gå inn for trasé K4C med kryssing av Bjørnafjorden med bru. Samstundes beslutta departementet å nytte statleg reguleringsplan for strekninga.

I brev frå Samferdselsdepartementet til Vegdirektoratet 20.12.2013 fikk direktoratet oppdraget med vidare planlegging i saken basert på følgjande premiss:

- *K4C Midtre linje skal legges til grunn for fremtidig E39 mellom Aksdal og Bergen. E39 skal krysse Bjørnafjorden med bru mellom Tysnes og Os.*

- *Prosjektet skal planlegges etter statlig plan etter plan og bygningsloven (pb1) på det nivå*

*der konkrete traser fastsettes, dvs kommunedelplan. Det tas senere stilling til om det også er behov for statlig plan på neste plannivå (reguleringsplan).*

- *Det blir startet planlegging etter pbl i tråd med dette.*

- *Prosessen videre skal legge til rette for å redusere konflikt og uheldige virkninger for natur og kulturminner. Det legges til grunn en god dialog med lokale myndigheter.*

(sitat: Brev frå Samferdselsdepartementet til Vegdirektoratet 20.12.2013)

I NTP 2014-2023 omtalast E39 prosjekta. Hordfast (fjordkryssinga av Bjørnafjorden) omtalast ikkje direkte anna enn at det nemnast at prosjektet skal startast opp når traseval føreligg. Det trasevalet blei gjort av samferdsleministeren som nemnt over.

## Mål

1. Bidra til å framskande byggestart for Hordfast og forkorte prosessen med planlegging og prosjektering.
2. Målbere Hordaland fylkeskommune og kommunanes interesser inn i planprosessane og den statlege reguleringa av strekningane på E39 mellom Bergen og Aksdal.
3. Legge til rette for dialog og samordning av budskap frå vestlandet slik at vi talar med ei stemme overfor sentrale myndigheter.
4. Arbeide for best mogleg omtale i den kommande NTPen. Sørge for at prosjektet blir prioritert så tidleg som mogleg med tilstrekkeleg finansiering.Følgje opp dette i dei påfølgjande statsbudsjetta (st.prp 1)
5. Forberede grunnlaget for ein bompengesøknad

Hovudmålet med dette kontaktutvalet er å bidra så sterkt som mogleg at kommunar, næringsliv og befolkning i Hordaland og på Vestlandet får den beste og raskaste utbygginga av E39 mellom Bergen og Aksdal. I dette ligg rask byggestart og ferdigstilling av prosjekta, at lokale omsyn blir høyrte og ivaretatt og at vegen blir framtidsretta og samsvarer med dei regionale og kommunale planar som ligg.

For å nå desse måla har vi identifisert dei viktigaste milepelane, dei mest sentrale interessentane og kva for tiltak som må til for å nå måla gjennom påverknad og samhandling.

## Interessentar og interessentanalyse

Vi identifiserer her dei viktigaste påverknadskjeldene i denne prosessen. Sjå og vedlegg med namneliste inkludert kontaktinformasjon og prioritering.

### *Interessentar*

#### Storting og Regjering

- Orienteringar og møte med politisk leiing i departementet
- Dialog på administrativt nivå i HFK, kommunane og departementet
- Orienteringar, dialog og møte med transportkomiteen i stortinget
- Orienteringar, dialog og møte med Hordalandsbenken på stortinget

#### Statens vegvesen

- Nær dialog om framdrift og avgjerder med prosjektleiar og regionvegsjef
- Dialog med vegdirektør der det høver seg for å nå planmessige og kommunikative mål knytt til den statlege planen, finansieringa og framdriften i dei overordna prosessane.

#### Fylkesmannen og andre statlege etatar

- Fylkesmannen har den koordinerande rolla for regionale og statlege planar og må vere informert om dei prosessane vi har. Forankring av lokale og regionale omsyn er svært viktig.
- Jernbaneverket der det høver seg
- Kystverket om det høver seg
- Forsvaret om det høver seg
- Kulturminnemyndene (inkl fylkeskonservatoren)

#### Interne interessentar

- Planseksjonen i HFK og kommunane
- Naturvern og landskapsverninteresser og -seksjonar i kommunar og HFK

## Andre

- Transportbransjen
- Miljøvernorganisasjonar
- Lokale interessegrupper som velforeningar og liknande
- Arbeidslivets organisasjonar: NHO, LO, næringsforeningane i kommunane
- Regionråda i Hordaland
- Rogaland fylkeskommune
- Kommunane på Haugalandet, spesielt Haugesund

## Interessentanalyse

Dei ulike interessentane har ulike rolle i prosessen fram mot byggestart for prosjektet E39 mellom Os og Stord. Dei to som er mest sentrale gjennom heile prosessen er samferdselsdepartementet og Statens Vegvesen.

Samferdselsdepartementet er har gjennom oppdragsbrevet nemnt over gitt Statens Vegvesen oppdraget med å planlegge vegen.

Samferdselsdepartementet er likevel viktige fordi det ligg et potensial for forkorting av prosessen, som må kommuniserast til departementet og vidare til vegdirektoratet. Vidare er det regjeringa som innstiller på endeleg plan til stortinget når den tid kjem.

Det er og regjeringa som innstiller til stortinget ved neste rullering av NTP som er på trappene.

Når vi nærmar oss første spadestikket må og finansieringa vedtakast av stortinget etter innstilling frå regjeringa.

En tett og open dialog med både samferdselsdepartementet og stortinget er avgjerande for at kontaktutvalets syn skal nå fram til dei som sit med makta til å påverke det endelege resultatet.

Det er ei rekkje interessentar som anten kan hjelpe kontaktutvalet til å nå målet om ein effektiv og målretta planprosess som ivaretek lokale og regionale syn. Det er viktig med ein tett dialog med disse for å a) forankre kontaktutvalets arbeid og syn og b) få innspel til kontaktutvalets arbeid. Dei mest sentrale her er arbeidslivets organisasjonar, Rogaland fylkeskommune og lokale interessentgrupper/velforeningar.

## Milepelar:

### NTP prosessen:

- Oppsummeringsrapport for analyser og utgreiingar for NTP, ferdig februar 2015. Denne skal ikkje på formell høyring, men vil vere viktige innspel i den vidare debatten, og innhaldet vil kunne gjerast kjent for kontaktutvalet.
- Etatane sitt framlegg til NTP vert lagt fram februar 2016. Høyring truleg fram mot sommaren.
- Stortingsmelding NTP vår 2017 (februar/mars) med sikte på vedtak i vårsesjonen.
- Etatane sitt framlegg til handlingsprogram NTP vår 2018

I tillegg kjem dei årlege statsbudsjetta i oktober kvart år, og revidert statsbudsjett i mai. Statsbudsjetta er likevel av mindre viktighet i første del, ettersom planarbeidet skjer via ein samlepott hjå SVV, og ikkje over eiga løyving i statsbudsjettet.

### Statleg planprosess

- Møte i ekstern referansegruppe for planarbeidet, førebels sett til 30. oktober. Ekstern referansegruppe består m.a. av ordførarane og fylkesordførar.
- Høyring planprogram vår 2015. Truleg tidlegast leggast fram i mars 2015.

- Vidare framdrift er ikkje klårgjort, men SVV antyder to år på sjølve planarbeidet.

Det vil vere møter i ekstern referansegruppe truleg både i planprogramfasen og i planprogramfasen. Dette vil og vere viktige milepelar i arbeidet, utan at vi veit datoar no.

## Moglegheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknytning til E39

Det er sendt ut anbudsfrørespurnad om ein mulegheitsstudie for fylkesvegsamband med tilknytning til ny E39 Bergen-Fylkesgrensa mot Rogaland. Denne skal vere eit grunnlag for Hordaland fylkeskommune sitt arbeid opp mot statleg plan, særleg når det gjeld konsekvensar for det øvrige fylkesvegnettet med gode tverrsamband og påkoplingspunkt langs ny E39. Det er lagt opp til at kontaktutvalet skal bli orientert om arbeidet med denne rapporten. Rapporten skal liggje føre innan 1. mars 2015. Dette vil og vere ein viktig milepel.

## Bompengesøknad

Vi kjem tilbake til ein framdriftsplan for dette arbeidet i løpet av hausten 2014.

*Vi kan dele inn arbeidet i tre fasar:*

### Fase 1: Fram til høyring av planprogram


Viktigaste bodskap er forkorting av planleggingstida. Det må spelast både inn i prosessen med planprogrammet, og i høyringa til planprogrammet. Vi treng bistand til å sjå på korleis planarbeidet kan kortast inn. Denne fasen er frå no og til vår 2015.

### Fase 2: Planfasen

Fortsett bodskap om forkorting av planleggingstida, men i tillegg arbeide for å sikre at dette vert realisert og at naudsynte avklaringar vert gjort. Antar det vil vere behov for å arbeide med finanseringsmodellar og samfunnsmessig betyding av E39, og vi kan førebu argumentasjon knytt til dette. Vidare arbeide med mobilisering av interessentar. Planfasen blir frå vår 2015 og fram mot sommar 2016. Vidare er det sjølve høyringa på planen, kanskje haust 2016. I høyringsfasen særleg viktig å arbeide for koordinering og for å handtere usemje slik at ein kan sikre vidare framdrift.

### Fase 3: NTP prosessen

Arbeide for å få inn E39 inn i NTP. Fortsett fokus på finansiering og på samfunnsnytte av E39. Arbeidet må fokusere på direkte påverknad, t.d. gjennom møter med sentrale interessentar, konferansar mv. Dette vil føregå i alle fall frå starten av 2016 i samband med etatane sine framlegg til NTP, til framlegginga av NTP vår 2017, og handlingsprogrammet vår 2018.



## Mediearbeid

Mediearbeidet vil følgje av det andre kommunikasjonsarbeidet som gjerast. Det blir lagt inn i aksjonsplanen dei tiltak vi prioriterer å gjere. På dei enkelte tema/fasane bør det lagast eigne kommunikasjonsplattformer med budskap og talsperson.

Detaljane i mediearbeidet blir sendt arbeidsutvalet så snart dei er klar. Kommunikasjonsplattformen for fase 1 (rosa i aksjonsplanen) blir utarbeida første halvdel av oktober 2014.

# Aksjonsplan

Aksjonsplan													
Tema	sep.14	okt.14	nov.14	des.14	jan.15	feb.15	mar.15	apr.15	mai.15	jun.15	jul.15	aug.15	sep.15
Statleg planprosess		Møte i ekstern ref.gruppe for planarbeidet.					Planprogram sendes på høyring	Høyring planprogram	Høyring planprogram	Vedtak høyringsuttaler			
		Klargjere planområdet, evt vidare traséval sørover	Dialog om planprogrammet sitt innhald. Ilandføring.										
Forkorting av planprosess	Møte med samferdselsminister	Dialog med vegdirektoratet og SVV/Region Vest	Dialog med vegdirektoratet og SVV/Region Vest	Kvalitetssikring av arbeidet vårt så langt									
Internt/AU/kontaktutval	Utarbeiding av påvirk.plan	Første dialog med interessentar ang NTP-omtalen	Utarbeiding og forankring av budskap, justering av aksjonsplan ??				Dialog i kontaktutvalet om høyringsuttalane	Samordning av høyringsuttaler	Samordning av høyringsuttaler				
Moglegheitsstudie for				Løypemelding??			Rapport leggst						











Interessentanalyse (namneliste)	Viktighet	Person	Telefon	e-post	Rolle
Statens Vegvesen	1	Terje Moe Gustavsen			Vegdirektør
	1	Helge Eidsnes			Regionvegdirektør
	2	Signe Eikenes			Prosjektleder E39
Fylkesmannen i Hordaland					
Vegdirektoratet	2	Lars Aksnes			
Samferdselsdepartementet	1	Ketil Solvik-Olsen			Statsråd
	2	Bård Hoksrud			Statssekretær
	2	Reynir Johannesson			Politisk rådgiver
Statsråder og statssekretærer fra Hordaland	3	Erna Solberg			Statsminister
	3	Monica Mæland			Næringsminister
	5	Amund Drønen Ringdal			Statssek. Fiskeridep.
	5	Morten Storebø			Politisk rådgiver
	5	Petter Kvinge Tvedt			Politisk rådgiver
Hordalandsbenken på Stortinget	3	Øyvind Halleraker			Utenrikskomiteen
	3	Sigurd Hille			Finanskomiteen
	2	Magne Rommetveit			Transportkomiteen
	3	Knut Arild Hareide			Utenriks- og forsvarskomiteen
	2	Torill Eidsheim			Transportkomiteen
	3	Peter Chr. Frølich			Justiskomiteen
	3	Erik Skutle			Kontroll- og konstitusjonskomiteen
	3	Ruth Grung			Helse og omsorgskomiteen
	3	Terje Breivik			Finanskomiteen
	3	Ove Trellevik			Næringskomiteen
	3	Gjermund Hageseter			Finanskomiteen

	2/3	Helge André Njåstad			Kommunalkomiteen
	3	Per-Rune Henriksen			Energi- og miljøkomiteen
	3	Jette Christensen			Kontroll- og konstitusjonskomiteen
	3	Audun Lysbakken			Helse og omsorgskomiteen
	3	Kjersti Toppe			Helse og omsorgskomiteen
Sentrale personer stortinget	2	Linda Hofstad Helleland			Leder transportkomiteen
	5	Jonas Gahr Støre			Partileder AP
	5	Trine Skei Grande			Partileder Venstre